# Vedtekter for stiftinga Bjørn West-museet

Vedtatt 23.03.1993, med endringer 12.05.2016

§ 1 Namn og historie

Stiftinga sitt namn er Bjørn West Museet Stiftelse, med kontoradresse i Masfjorden Kommune.

Stiftinga er oppretta 1991 av fylgjande kommunar i Nordhordland og Ytre Sogn: Gulen, Lindås, Masfjorden, Modalen og Osterøy.

Bjørn West Museet er frå 1.1.2016 eit konsolidert museum i Stiftinga Museum Vest. Jfr samarbeidsavtale mellom Museum Vest, Bjørn West Museet og Masfjorden Kommune.
~~Bjørn West-museet omfattar eit to-etasjers trehus på Matre frå 1912s og fire garasjar med grunn, gnr. 59, bnr. 44. Ei sæterbu vart flytta til museet i 1995 og er ei gåve frå BKK. I samlinga inngår ein livbåt frå Vigra, restar av Halsøygavlen og ein god del militære gjenstandar, kart , dokument, lydband, foto og videoopptak. I tillegg kjem ei fagcelle frå Gestapohuset i Veiten i Bergen.~~
~~Alle våpen og millitære gjenstandar er etter lov Staten sin eigedom og vert forvalta av Forsvarsmuseet.~~

§ 2 Formål

Bjørn West-museet er ei stifting med føremål å ta vare på og gjere tilgjengeleg soga om Bjørn West. Museet skal også femna om minna frå den lokale motstandsrørsla i Bergen, Nordhordland og Ytre Sogn, både den militære og den sivile. Vidare må museet arbeide for å ta vare på og formidle minne som kastar lys over folks levekår under krigen.~~.~~ Museet skal vera ope for alle og særleg leggja tilhøva til rette for skuleelevar.

§ 3 Grunnkapital

Bjørn West-museet er ei særskilt rettsskiping med eige ~~eige budsjett og~~ rekneskap, og med ein grunnkapital på kr. 400.000,-.
~~Rekneskap og årsmelding skal sendast til deltakande kommunar og til Fylkesmannen for godkjenning innan 1. mars kvart år.~~
~~Rekneskapen skal vere revidert av ein statsautorisert eller registrert revisor.~~

~~§ 4~~
~~Stiftinga er oppretta 1991 av fylgjande kommunar i Nordhordland og Ytre Sogn, som for 2000 har løyvt midlar slik:~~
~~Gulen kr. 5.000~~
~~Lindås kr. 5.000~~
~~Masfjorden kr. 45.000~~
~~Modalen kr. 5.000~~
~~Osterøy kr. 5.000~~
~~Hordaland fylkeskommune har løyvd kr 15.000.~~
~~Masfjorden kommune har vederlagsfritt overdrege huset og fire garasjar med tomt til stiftinga.~~
~~§ 5~~

§ 4 Styre

Stiftinga vert leia av eit styre på 8~~7~~ medlemer med personlege varamedlemmer pluss to observatører med møte- og talerett, men som ikkje har stemmerett.
Styret skal ha fylgjande sam~~n~~ansetning:
Ein representant vald av kvar av dei deltakande kommunane (5)
Ein representant vald av Bjørn West-museets venner (1)
Ein representant vald av Masfjorden Sogelag (1)
Ein representant vald av Museum Vest (1)

Ein observatør kan sendast av Hordaland Fylkeskommune
Ein observatør kan sendast frå Forsvarsmuseet eller HV09. ~~eller Distriktskomando Vestlandet.~~

